

Breim Bygdeutvilkingslag inviterar til:

# Temadag

# Klima i endring?:

*Kva betydning kan det ha for bygda vår Breim og folket som bur her?*

Breimshallen laurdag 9.januar kl.11.00-16.00

## Innleiarar:

Leiar av energi- og miljøkomiteen på Stortinget

**Erling Sande**

Professor ved Institutt for geovitenskap, Universitetet i Bergen  
og forskar ved Bjerknessenteret for klimaforskning.

**Atle Nesje**

Leiar av Norges Miljøvernforbund.

**Kurt Oddekalv**


Professor kjemisk institutt, Universitetet i Bergen

**Olav Kvalheim**

Møteleiar **Hans Jakob Reite**

Kulturinnslag v/ **Ole Andreas Førde**  
**Matpause**

*Velkomne til god søje  
og friske debattar!*




Illustrasjonsfoto: Colourbox



**Erling Sande** er representant nr. 121 for Sogn og Fjordane 2009-2013 (fast møtande for samferdsleminister Liv Signe Navarsete) og leiar av energi- og miljøkomiteen på Stortinget. Han er nestleiar i gruppestyret Senterpartiet og personlig varamedlem Stortings delegasjon til Organisasjonen for sikkerhet og samarbeid i Europas (OSSEs) parlamentariske forsamling. Han er frå Bremanger men har tilknytning til Gloppe og er busett på nordsida av Gloppefjorden.




**Atle Nesje** f.1956 i Olden, busett i Bergen. Dr. scient. 1990 og professor i geologi ved Institutt for geovitskap ved Universitetet i Bergen frå 1997. Han er knytt til Bjerknessenteret for klimaforsking. Nesje har m.a. drive forsking på klima, isbrear og innsjøavsetningar i Noreg, Storbritannia og det nordlege Canada. Han har gjeve ut fleire bøker og eit stort tal artiklar om emna i internasjonale vitskapstidsskrift. Nesje har leia fleire store forskingsprosjekt innan geologi, m.a. om alderen på Jostedalsbreen og Folgefonna. Her fann han m.a. ut at Jostedalsbreen ikkje er ein rest frå istida, men at breen var smelta heilt bort for kring 7500-6000 år sidan.



**Kurt Willy Oddekalv** (født 27. juli 1957) er ein norsk miljøvernar og miljøaktivist, og leiar av Norges Miljøvernforbund. Han var tidlegare leiar av Naturvernforbundet Hordaland, men trakk seg frå vervet i 1993, etter intern uenighet, og vart i juni same år ekskludert av landsmøtet i Norges Naturvernforbund. Saman med andre utbrytare frå Naturvernforbundet starta han Norges Miljøvernforbund i mai 1993.



**Olav Kvalheim** Professor ved kjemisk institutt, Universitetet i Bergen. Kvalheim høyrer til dei såkalla "klimaskeptikarane" blant forskarane. Han har markert seg i media med kritikk av konklusjonane til FN sitt klimapanel og spurte: "Er det riktig å ta avgjørelser basert på feilaktige premisser, avgjørelser som i mange henseender fører unødvendige og dyre hastetiltak som verken gagner miljøet eller befolkningen?"



**Hans Jakob Reite** (fødd 1956) Fødd på Sunnmørskysten, busett i Førde. Er sivilagronom frå Landbrukshøgskulen. Har vore informasjonsjef på Sogn og Fjordane Teater, prosjektleiar, kulturarbeidar og politikar. I dag mest kjend som kulturmeldar på NRK Sogn og Fjordane. Snakkar ofte med skratt blikk, likar kulturelle spenningar og er flyttbar i fylket.